

## Vedlegg 1

### REFERAT - UTKAST

# Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 12.03.2018 | Klokkeslett: 12:00-15:00 | Dato:

Stad: Rådhuset, Bergen kommune

Sakshandsamar: Torill Klinker

Dato: 15.03.2018

Dok:

	Namn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Terje Moe Gustavsen (møteleiar)	Statens vegvesen
	Anna Elisa Tryti	Bergen kommune
	Anne Gine Hestetun	Hordaland fylkeskommune
	Anita Skauge	Jernbanedirektoratet
	Lars Sponheim	Fylkesmannen i Hordaland
<i>Øvrige deltakarar til stades</i>	Anne Iren Fagerbakke	Bergen kommune
	Øivind Støle	Bergen kommune
	Rune Haugsdal	Hordaland fylkeskommune
	Håkon Rasmussen	Hordaland fylkeskommune
	Ole Hallvard Harlem Dyrbekk	Hordaland fylkeskommune
	Roger Skoglie	Hordaland fylkeskommune
	Helge Eidsnes	Statens vegvesen
	Grethe Vikane	Statens vegvesen
	Hans Silborn	Statens vegvesen
	Kristoffer Sandvik Monsen	Statens vegvesen
	Frode Aarland (sak 23/18)	Statens vegvesen
	Inge Alsaker (sak 26/18)	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland
	Trond Høyde	Jernbanedirektoratet
	Torild Hage	Jernbanedirektoratet
	Lars Christian Stendal	Jernbanedirektoratet
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Torill Klinker	Sekretariat

## Sakliste

Sak 21/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 22/18	Godkjenning av referat frå møte 03/18
Sak 23/18	Finansieringsplan Bybanen BT 4
Sak 24/18	Miljøløftet, organisering og styringsstruktur
Sak 25/18	Orientering frå møtet med SD og KMD den 15. februar
Sak 26/18	Høyringsinnspel til byutgreiinga. Orientering.
Sak 27/18	Eventuelt

### Sak 21/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### Sak 22/18 Godkjenning av referat frå møte 03/18

Vedtak:

Referat frå styringsgruppemøte 03/18 den 09.02.18 vart godkjent.

### Sak 23/18 Finansieringsplan Bybanen BT 4

Roger Skoglie orienterte kort om finansieringsplanen. Deretter peika fylkesrådmannen på at kostnadene for Bybanens byggetrinn 4, tross dei kutta som gjort, er utanfor styringsramma for prosjektet. Behov for ytterlegare kostnadsreduksjon gjer at prosjekteigar no ynskjer å vurdere moglegheiter for å avslutta byggetrinn 4 ved Oasen.

Vedtak:

Styringsgruppa for Miljøløftet konstaterer at kostnadene for Bybanens byggetrinn 4 er utanfor styringsramma og meiner difor at det er behov for å redusere kostnader i den vidare utbygginga av byggetrinn 4. Hordaland fylkeskommune, som prosjekteigar og prosjektansvarlig for bybanen, skal i samarbeid med Bergen kommune ha ein gjennomgang av heile prosjektet med sikte på kostnadsreduksjon. I den forbindelse skal det vurderast om byggetrinn 4 i denne omgang kan avsluttast ved Oasen. Det er i så fall ein føresetnad at bybanen frå Oasen til Spelhaugen vert gjennomført i eit seinare byggetrinn.

Oppdatert finansieringsplan skal leggjast fram for styringsgruppa på møte i april.

## Sak 24/18 Miljøløftet, organisering og styringsstruktur

Anne Iren Fagerbakke orienterte kort om moglege endringar i organisering og styringsstruktur.

Styringsgruppa presiserte behovet for politisk forankring (både posisjon og opposisjon) og åpenheit i organisasjonen. Det var einigheit om at det er behov for organisatoriske endringar, men at ein må koma attende til dette på eit seinare møte.

Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering.

## Sak 25/18 Orientering frå møtet med SD og KMD den 15. februar

Samferdsledepartementet og kommunal- og moderiseringsdepartementet inviterte den 15. februar til eit møte med tema: Byvekstavtaler for de fire største byområdene.

Vegdirektøren orienterte frå møtet. Hovudbodskapen er *Nullvekst* og *Kostnadskontroll*. Det er ikkje fastsett dato for oppstart av reforhandling.

Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering

## Sak 26/18 Høyringsinnspel til byutgreiinga. Orientering

Byutgreiing for Bergen har vore til høyring for aktuelle partar og omeignskommunar.

Inge Alsaker orienterte om innspela. Som avtalt er ei oppsummering samt kopi av alle innspela vedlagt referatet, sjå vedlegg 2.

Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering

## Sak 27/18 Eventuelt

- Det vart meldt inn behov for fellesmøte med omeignskommunane. Styringsgruppa bad om at ein kjem attende til dette på neste møte.
- Innføring av miljødifferensierte bomtakstar er forseinka. Det vert gjeve ei orientering om dette på neste møte.
- Tilsetjing av controller for Miljøløftet er utsett. Prosess rundt tilsetjing av fast sekretariatsleiar er starta.